



Vindafjord kommune  
Rådhusplassen 1  
5580 Ølen

Kontakt saksbehandlar

Susanne Bøe, 51568903

## Høring av søknad om endring av utsleppsløyve - auka biomasse på lokalitet Ilsvåg Land, Vindafjord kommune

Statsforvaltaren ber om uttale til søknad frå Ilsvåg Holding AS om nytt utsleppsløyve for produksjon av inntil 375 tonn smolt per år på lokalitet Ilsvåg Land (12116) med ureinsa utslepp til Sandeidfjorden. Me ber om opplysningar om spesielle forhold mv. som det bør tas omsyn til ved behandling av søknaden.

Frist for kommunal uttale er 01.09.2021.

### Generelt om verksemda

---

<b>Bedrift:</b>	Ilsvåg Holding AS
<b>Organisasjonsnr.:</b>	938 233 535
<b>Lokalitet:</b>	12116 Ilsvåg Land
<b>Adresse:</b>	Skigelstrandvegen 32, 5585 Sandeid
<b>Gnr/Bnr.:</b>	1160/31/08
<b>NACE-bransje:</b>	03.120 Ferskvannsfiske
<b>Utsleppspunkt i sjø:</b>	6602274 N, 320189 Ø (WGS84, sone 32N)

---

### Det søkjast om:

<i>Ramme:</i>	375 tonn, tilsvarende 1,5 millionar smolt à 250 gram
<i>Fôrfaktor:</i>	0,9-1,0 (inntil 375 tonn fôr)
<i>Utslepp:</i>	Organisk karbon (TOC) 125 tonn Totalt nitrogen (tot-N) 45 tonn Totalt fosfor (tot-P) 9 tonn
<i>Vassforbruk:</i>	16 m <sup>3</sup> /min

---

### Myndighetforhold

Statsforvaltaren er forureiningsmyndighet for utslepp frå landbasert akvakultur til sjø og kan etter søknad endre løyvet etter forureiningslova § 11.



## Planforhold

Søknad gjelder ingen anleggsendringar, berre endring av total biomasse på lokaliteten. Lokaliteten inngår i ein eldre reguleringsplan med planID 1160-02-02.

## Gjeldande løyve

Ilsvåg Holding AS sitt gjeldande løyve er datert 24.02.1997 og blei sist endra den 19.11.2015. Etter endringa vart produksjonsramma sett til 150 tonn/år, tilsvarande 1 500 000 stk smolt à 100 gram.

## Bakgrunn

Søker skriv i søknad av 20.04.2021 at dei ønskjer å auke biomassen til 375 tonn/år, tilsvarande 1 500 000 stk à 250 gram. Bakgrunnen for behov for auken i årleg biomasse er at det i 2020 vert produsert smolt større enn 100 gram, noko som førde til at den totale biomassen på lokaliteten landa på 201 tonn frå 136 8000 stk fisk. Dette er 51 tonn meir enn løyvets ramme.

Søker skriv òg at aktiviteten i Sandeidfjorden er annleis no enn då løyvet ble endra i 2015. Mellom anna er utsleppsleidningen flytta ut til 67 meters djup, (6602274 N, 320189 Ø, WGS84, sone 32), og lokalitet 12115 Ilsvåg sjø (65 tonn MTB) og lokalitet 12114 Torsnes (780 tonn MTB) er lagt ned.

Statsforvaltaren påpeiker derimot at det har vore ein betydeleg aukning i biomassen på lokalitet 11966 Skigelstrand i 2017 (780 til 2340 tonn/år MTB) som ligg i same vannførekomsten og ca. 3,2 km frå utslippspunktet til lokalitet Ilsvåg Land.

## Statsforvaltaren sine merknader

Søknaden vil bli behandla i medhald av forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) kapittel 36 om handsaming av løyver etter forureiningslova, fastsett av Klima- og miljødepartementet 01.06.2004.

Statsforvalteren ønskjer å understreke at det søkjast om å auke total biomasse på lokaliteten frå 150 tonn til 375 tonn, og Statsforvalteren vil vurdere om det er nødvendig å sette nye krav til overvaking jf. forureiningslova § 16.

Sjå vedlagte søknadsdokumentar for utgreiing av mellom anna produksjon og utslepp.

## *Andre høyringsinstansar*

Statsforvaltaren sender ein kopi av dette brevet saman med oppmoding om uttale til andre høyringsinstansar. Kommunen får ein kopi av brevet.

## *Offentleg kunngjering*

Statsforvaltaren sørger for kunngjering av søknaden i Grannar og Haugesunds Avis. Kunngjeringskostnadane skal dekkast av tiltakshavar. Kunngjeringsteksten er vedlagt.

## Utlekking til offentleg ettersyn

Søknaden blir lagt ut til høyring hos Vindafjord kommune, Rådhusplassen 1, 5580 Ølen og på Statsforvalteren i Rogaland sine nettsider [www.statsforvalteren.no/rogaland](http://www.statsforvalteren.no/rogaland) under «Høyringar».



Uttaler frå interesserte kan sendast til Statsforvalteren i Rogaland, postboks 59 sentrum, 4001 Stavanger, eller sfropost@statsforvalteren.no, innan fire veker frå kunngjeringsdatoen.

*Uttale – kommunal sluttbehandling*

Frist for kommunale uttale er set til 01.09.2021. Kommunen bes innan same tidsrom å innhente nødvendige uttalar frå eigne organ så langt ein finner dette nødvendig.

Kommunens uttale bør gje opplysningar om lokale forhold som kommunen meiner manglar eller er utilstrekkeleg greia ut om i søknaden, og som det bør tas omsyn til ved avgjerda.

Dersom det er ønskeleg med ettersending av andre saksdokument enn dei som er vedlagt, ber me kommunen ta kontakt med Statsforvaltaren.

Me anbefalar at kommunen føretek kommunal sluttbehandling i organ som kan foreta en heilskapleg vurdering i saken. Uttale frå den kommunale saksbehandlinga sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Mariann Størksen  
fung. seksjonsleiar

Susanne Bøe  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg

- 1 Tilleggsinformasjon til søknad
- 2 Søknad om endret utslippstillatelse lokalitet 12116 IISVÅG Land
- 3 Kunngjeringstekst Grannar/Haugesund Avis

Kopi til:

Rådgivende Biologer AS	Edvard Griegs vei 3	5059	BERGEN
Vindafjord Jakt og Fiskelag	c/o Ølen Regnskap AS Sjoargata 49	5580	ØLEN
Haugesund kommune (Vassområdekoordinator)	Postboks 2160	5504	HAUGESUND
Dagfinn Johan Pedersen	Frøyas Veg 4 A	5531	HAUGESUND
IISVÅG Holding AS	Skigelstrandvegen 32	5585	SANDEID